

UTVIKLINGSPLAN

2017-2018
FOR FUSA VIDAREGÅANDE SKULE



Postboks 113 5649 Eikelandsosen - Telefon 56 58 09 00 Telefaks 56 58 09 01
E-post: post.fuv@post.hfk.no Internettside: <http://fuv.hfk.no>

Innleiing:

Styringsdokument 2016 – 2018 ligg til grunn for skulen sitt arbeid med utviklingsplanar. Styringsdokumentet vart via stor merksemd i løpet av førre skuleår, og har også vore grunnlag for utarbeiding av ny utviklingsplan. Auka læringsutbytte og fullføring er vårt overordna mål i alt arbeid ved skulen.

I tillegg har Fusa vgs etablert ei pedagogisk plattform og verdigrunnlag som definerer skulen sitt elevsyn og læringsyn. Pedagogisk plattform og verdigrunnlag dannar grunnlaget for all aktivitet ved skulen, og i ulike relasjonar. Dette byggjer på HFK sine verdiar offensiv, kompetent og i dialog. Fusa vgs har også hatt omfattande fokus på lovendringa i Opplæringslova §9a dette skuleåret.

PEDAGOGISK PLATTFORM

Ei pedagogisk plattform skal spegla den pedagogiske drifta ved skulen. Den skal uttrykkja kva verdiar og pedagogisk forståing skulen legg til grunn for sitt arbeid. Ved Fusa vidaregåande skule er det derfor tett samanheng mellom pedagogisk plattform og våre grunnverdiar: Respekt, engasjement, tryggleik og det å vera samstemt. I tillegg har me følgjande tre grunnpilarar i vår pedagogiske ståstad:

Miljø: Me ønskjer at elevane tek ansvar, tenkjer kritisk, handlar etisk og miljøbevisst. Dette er forankra i både læreplanverket og i Opplæringslova. Skulen er sertifisert som Miljøfyrtårn, og det forpliktar oss ekstra til å handla miljøbevisst. Me definerer også miljø til arbeidsmiljøet for elevar og tilsette. Dette er eit ansvar alle må vera bevisst. Kvar enkelt sitt bidrag er med og formar skulen sin kultur. Våre grunnverdiar er derfor viktige i den daglege samhandlinga.

Læring: Skulen har eit positivt elevsyn som skal gje eleven tru på eiga læring og utvikling. Me tilpassar opplæringa til eleven sine føresetnader. Våre tilsette er aktive deltakarar i eit lærande fellesskap. Dette gjer oss til ein lærande organisasjon, som ser samanhengen mellom læringsyn på den eine sida, og arbeids- og vurderingsformer på den andre sida. Me er endringsvillige og tek tak i nye utfordringar. Denne reflekterande samhandlinga fører til trygge, tydelege og trivelege tilsette. Vårt felles læringsyn fremjar eleven si læring.

Trivsel: Eit godt skulemiljø er viktig for læringsmiljøet. Me ønskjer at alle elevar og tilsette skal trivast ved skulen vår. Du er den viktigaste personen i dette arbeidet. Det er også avgjerande at aktørane i skulekvardagen er ansvarleggjort i forhold til våre grunnverdiar.



VERDIGRUNNLAG OG KJENNETEIKN PÅ GOD PRAKSIS

RESPEKT	ENGASJEMENT	TRYGGLEIK	SAMSTEMT
Eg viser respekt når eg oppfører meg som eit danna menneske.	Eg engasjerer meg når eg viser interesse, lærelyst, glød og entusiasme.	Eg skapar tryggleik når eg ser deg.	Me er samstemte når me tek felles ansvar for heilskapen.
Eg viser respekt når eg har ei tolerant haldning.	Eg viser engasjement når eg er oppdatert.	Eg skapar tryggleik når eg er tydeleg.	Me er samstemte når me har felles elevsyn og læringssyn.
Eg viser respekt når eg har ei raus haldning.	Eg viser engasjement når eg er godt førebudd.	Eg skapar tryggleik når eg er rettferdig.	Me er samstemte når me er trygge, har engasjement og syner respekt.
Eg viser respekt når eg verdset andre, og deira meingar utan omsyn til bakgrunn og ferdigheiter.	Eg viser engasjement når eg deltek aktivt og tek ansvar.	Eg skapar tryggleik når eg er føreseieleg.	Me er samstemte når me er lojale i forhold til skulen sine felles verdiar, mål og vedtak.

Me ønskjer at verdiane skal prega relasjonane mellom

- Vaksen – Vaksen
- Vaksen – Elev
- Elev – Elev
- Skule – Samarbeidspartnarar

Arbeid med tiltaksområde og tiltak:

Involvering:

Me har prioritert brei deltaking i arbeidet med utviklingsplanen. Det har me gjort for å skapa eit eigarforhold til planar. Ved å skapa ei felles forståing for mål og tiltak, vil me ha ei større kraft bak våre mål og tiltak. Me har brukt både fellesmøte og planleggingsdagar for å involvera alle. I tillegg har me brukt plangruppa som referansegruppe, og på den måten fått involvert dei tillitsvalde også gjennom dette fora. Elevrådet har også vore representert i plangruppa.

Prioritering:

Me har hatt som mål å spissa utviklingsplanen. Det betyr færre tiltaksområde, men med større fokus og kraft på dei me har. Grunnlaget for arbeidet har derfor vore å velja to tiltaksområde som me vil ha fokus på dette skuleåret, og nokre konkrete tiltak knytt til desse. Me har i tillegg stilt spørsmål om det er noko me framleis bør ha fokus på, men som ikkje treng vektast som eit tiltaksområde. Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid har lagt til grunn for dette arbeidet.

Tiltaksområde klasseleiing	Tiltaksområde psykisk helse
<p>Tiltak 1: Me arbeidar forskingsbasert, og les litteratur om klasseleiing. Etablering av profesjonelle lærande nettverk / studiegrupper. kring dette. F. eks: « Dette vet vi om: Klasseledelse, » Drugli, Læringsmiljøsenderet, Oldenburgdekalogen, Relasjonell klasseleiing, Vurderingsrapport klasseleiing 2015, og elevundersøkinga.</p> <p>Tiltak 2: Dei tilsette trenar på klasseleiing gjennom kollegaobservasjon og rettleiing. Kriterium vert henta frå litteratur i tiltak 1</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablera rettleiargrupper på tvers av fag <p>Tiltak 3: Utarbeida ein standard for klasseleiing ved Fusa vgs ut frå forskingsbasert kunnskap og tiltak 2</p> <p>Tiltak 4: Leiinga legg til rette, og set av tid</p> <p>Tiltak 5: Ivareta tilpassa opplæring / inkluderande opplæring som prinsipp og ein lovfesta rett</p> <p>Tiltak 6: Dei tilsette varierer undervisninga, og legg til rette for bruk av ulike læringsstrategiar</p>	<p>Tiltak 1: Skulen markerer Verdsdagen for psykisk helse</p> <p>Tiltak 2: Skulen etablerer eit skulemiljøteam</p> <p>Tiltak 3: Ny innreiing av biblioteket sikrar alternative opphaldsrom for elevar som kan ha behov for det</p> <p>Tiltak 4: Program for systematisk arbeid for psykisk helse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Psykisk helse vg1 - Venn1 vg2 - Drømmeskolen <p>Tiltak 5: Kompetanseheving tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Psykologisk førstehjelp for ungdom - Relasjonell klasseleiing - Klargjera roller og ansvar <p>Tiltak 6: Vidareutvikla ressursteam</p>

Me vil ha ha fokus på følgjande tema, men ikkje vekta som tiltaksområde:

IKT:

Jamleg tema på fellesmøte. Skuleåret 2017 – 2018 vert prioritert til Planleggeren i It`s learning og rydding i ulike planverktøy som vert nytta. Mål: God informasjonsflyt.

Samarbeid skule – næringsliv:

Utarbeida samarbeidsavtalar med bedrifter. Dette må skje gjennom god dialog med bedrifter, og gjerne også gjennom fellesmøte med bedrifter. Lektor 2- prosjektet vil vera ein del av dette.

Vurdering for læring:

Ha jamleg fokus på kva som fremjar eleven si læring. Kvalitetssikra dei formelle sidene ved vurdering. Vurdera kompetanseheving kring tema etter kvart, gjerne som skulebasert kompetanseutvikling.

Informasjonsflyt:

Skulen arbeidar vidare med å sikra god informasjonsflyt. Dette skjer i tett samarbeid med IKT-gruppa. Det vert avgjort kva felles planar som skal brukast. Vidareutvikla bruk av infoskjermar.

Elevmedverknad:

Ha framleis fokus på elevmedverknad. Korleis vidareutvikla dei ulike møtepunkta, bl.a. i ulike råd og utval. Ha «elevstemma» med i alt utviklingsarbeid, og bl.a. vurderast representasjon i plangruppa.

Verdigrunnlag og pedagogisk plattform:

Ha jamleg vedlikehald på grunnlagsdokumenta. Dette for å jamleg minna alle på skulen sitt elevsyn og læringsyn.